

Passe langt og lett tilgjengeleg

Det er ikkje alltid ein har tid til å kome seg opp på dei høgaste toppane. Det er ikkje alltid det er så freistande heller. Kanskje like greitt å ta ein liten sentrumsrunde og ende opp på kafé?

Sundre Torg er eit godt utgangspunkt for fleire sentrumsrundar. Her er det gode parkeringsmogelegheiter og nokre alternativ til kaffien på termos.

Fylg Stasjonsvegen og ta av til høgre inn Gartnarvegen til Prestegardsjordet. Langs Gartnarvegen går du forbi garden Kirkevoll, og vidare gjennom byggefeltet som ligg på jordet til Ål prestegard – altså Prestegardsjordet. Når du kjem til endes i vegen Prestegardsjordet tek du inn på gangvegen på nedsida av Ål idrettshall. Vidare fylgjer du Sundrevegen til høgre attende til Sundre torg. Her passerer du skulesenteret med Nedre-Ål skule til venstre og Ål ungdomsskule til høgre. Du går også forbi Ål gamle kyrkjegard og stavkyrkjetuft.


Ål kyrkje vart reist i siste halvdel av 1100-talet. Ho vart utvida og dekorert

innvendig på 1200-talet, og utvida på nytt rundt 1700-talet. Kyrkja stod på tomte til ho vart riven i 1880, same året som nykyrkja vart reist. Kopiar og delar av den originale dekorasjonen er å finne i Ål kyrkje og i Stavkyrkjemuseet som ligg i Prestegardslåven nedanfor den gamle stavkyrkjetomta.



Dei gamle husa som står att i Prestegardstunet er Borgstugu og kastebue. Sistnemnte vart brukt til å oppbevare tiendeinnkomme til kyrkja.

Etter den gamle kyrkjegarden passerer du Ål prestegard, kyrkjegarden og Ål kyrkje, oppført i 1880, teikna av arkitekt Fritz von der Lippe.

Attende på torget kan det vere tid for ein rast, anten du brukar medbrakt termos eller tilboda på Sundre. Syns du denne turen var liten kan du godt ta den ein gong til, eller legge ut på ein annan tur etter rasten. Sjå også Sundreberget tur 5.2, Sutøyvegen tur 5.3 og Leksvol-Øvre Ål tur 5.6



For meir detaljert kart sjå: Ål Sentrumskart som er å få gratis på Ål Turistinformasjon.

-  Sundre Torg, Ål sentrum.
-  God parkering på Torget.
-  Om lag 25 minuttts gange.
-  Gamle prestegarden og stavkyrkjetomta.
-  Asfaltert gangveg og fortau, tilgjengeleg for alle. Lite trafikk.

